

## Referat frå årsmøte 2015 i Aardalens Venner

Stad: Selje Hotel  
Dato: 20. mars 2016  
Tid: kl. 19.00 – 21.05

Frammøtte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal, Per Arne Berge og Terje Hovden. I tillegg Tormod Austring og Magnar Osmundsvåg.

---

Innleiingsvis vart det orientert litt om Aardalens Venner, og vedtektene til laget vart referert.

Jan Hammersvik ynskte velkomen til årsmøtet.

Saker handsama på årsmøtet:

### 1. Godkjenning av innkallinga til årsmøtet

Årsmøtet var innkalla pr. SMS og e-post sidan det berre var 26 betalande medlemmar i 2015.

Ingen merknader til innkallinga. Samrøystes godkjent.

### 2. Val av ordstyrar og skrivar

Jan ordstyrar, Terje skrivar. Samrøystes.

### 3. Godkjenning av årsmelding frå styret

Terje las årsmeldinga for 2015. Samrøystes godkjent.

### 4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2015

Terje gjekk gjennom resultatrekneskapen, og las deretter opp revisjonsmeldinga.

Inntektene var i 2015 kr 5.347,10 større enn utgiftene. Totale inntekter kr 7.730,-, totale utgifter kr 2.382,90.

Behaldning pr. 31.12.2015 kr 26.048,54 (to kontoar i Sparebank Vest).

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

### 5. Budsjett / kontingent / arbeidsprogram

Det er ikkje sett opp budsjett og arbeidsprogram for 2016. Aktiviteten skal tilpassast økonomien i laget.

#### Kontingent:

Uendra både for einskildmedlemmar (kr 100,-), familie (kr 200,-) og firma (kr 500,-).

#### Aktivitetar 2016:

Det er ikkje bestemt konkrete aktivitetar 2016. Styret (sjå sak 7) kjem saman med det fyrste for å konstituere seg, og vurderer då kva aktivitetar som er mulige å gjennomføre i 2016.

Samrøystes.

**6. Innkomne saker**

Ingen innkomne saker.

**7. Val av styremedlemmar**

Berre Jan Hammersvik og Atle Nøstdal var på val. Men sidan styret har sterkt behov for fornying, stilte både Kaare Aardal og Terje Hovden plassane sine disponible. Dermed låg det til rette for tre nye medlemmar i styret. I tråd med vanleg praksis vart nokre valt for to år og nokre for eitt år.

Fylgjande vart valde:

Styremedlemmar:

Jan Hammersvik	-	attval	(2 år)
Per Arne Berge	-	ikkje på val	(1 år)
Magnar Osmundsvåg	-	ny	(2 år)
Wenche Leknesund	-	ny	(1 år)
Tormod Austring	-	ny	(2 år)

Varamedlemmar:

Siw Fure	-	ny	(2 år)
Terje Hovden	-	ny	(1 år)
Atle Nøstdal	-	ny	(1 år)

Samrøystes.

**8. Val av revisorar**

Inge Bakke	-	attval	(1 år)
Håkon Berstad	-	attval	(1 år)

Samrøystes.

**9. Val av valnemnd**

Doris Hammersvik	-	ikkje på val	(1 år)
Unni Eltvik Hovden	-	ikkje på val	(1 år)

Samrøystes.

**10. Eventuelt**

Det vart diskutert og bestemt at det nye styret opprettar ei Facebook-gruppe for Aardalens Venner (Tormod Austring tek initiativ). Styret må trekkje opp visse retningslinjer.

Møtet slutt kl. 21.05.

Terje Hovden  
referent